

Årsmelding Treungen idrettslag 2018

Treungen IL har fleire aktive undergrupper og tilbyr variert aktivitet både sommar og vinter. Vi har barn og unge som vår viktigaste satsingsgruppe. Ein svært stor prosentandel av borna som veks opp i kommunen deltek i ein eller fleire aktivitetar i laget vårt. Kvar veke er det 20 faste treningsgrupper i regi av idrettslaget. Treungen idrettslag hadde 340 registrerte medlemmar ved utgangen av 2018.

Styret

Leiar Elin Fjalestad, Nestleiar Unni Løken, styremedlemmer Roy Åge Homme Frank Bakken, Knut Oddvar Nes, Marie Kornmo Enger, Morten Solberg, Anne Karin Grimstveit og Anne Margrethe Espelid. Vi har hatt seks møter og også ein del meningsutveksling på felles messengergruppe.

Aktivitetar 2018

Fotball: Fotballgruppa har også i 2018 hatt stor aktivitet gjennom heile året. Vi har ca 90 spelare i aldersgruppa 7-14 år fordelt på 9 lag, og har totalt spilt over 100 seriekampar og ein del cupkampar på blant annet Herkules cup. Sesongen var prega av ein fuktig vår og ein tørr sommar som har gjort baneforholda utfordrande. Vi har jobba med å få på plass ein kunstgrasbane på 30x50 meter som avlastning til hovedbanen, og håper vi kan få denne på plass i 2019. Rett før jol fekk vi 450 000 i gåve frå DnB Sparebankstiftelsen til kunstgrasbane. Fotballgruppa med foreldre har lagt ned ca 2500 timer dugnad på treningar, kiosk og køyring i 2018.

Handball 10 jenter frå 6. klasse og oppover deltek kvar måndag på håndballtreningar i fleirbrukshuset. Treningane har starta opp i oktober og avslutta i mai.

Skigruppa hadde vekentlege skitreningar gjennom heile vinteren. Over 30 ungar frå 5-14 år har deltatt på treningane. Vi deler nå opp i tre grupper. Det var ein snorik og fin vinteri 2018. Vi hadde som tidlegare år felles skikarusell i kommunen. Vi hadde tre renn, på Gautefall, Felle og Baksås. Fleire av medlemmane i skigruppa deltok i 2018 på renn i Vestmarstafetten og Vest-Telemark skikarusell. Vi stilte med fleire stafettlag både på Vestmarkarusellen i Kjosen og på sesongavslutning i Høydalsmo. Dei eldste frå 6.-10.klasse hadde i 2018 barmarkstreningar på hausten.

Alpingruppa. 2018 var ein god vinter og bakken var open store delar av vinteren. Bakken opna 6.januar og var open tre dagar i veka til langt uti mars. Vi hadde tilsyn av jernbaneverket og heisen blei godkjent.

Skøytegruppaa: På hausten 2017 blei det tilrettelagt for ein skøytebane ved klubbhuset. Isen blei opna i november. Sidan 2018 var ein stabil og kald vinter hadde vi skøyteis på idrettsbanen store delar av vinteren. Her var stor aktivitet med flomlys, musikk og ishockey.

Knøttetrening: I slutten av september starta to småbarnsmødre opp knøttetrening for ungar frå 2-6 år. På knøttetreninga har dei aktivitetar/ leikar i gymsalen. 14 barn har vore med på treningane.

Turgruppaa i Treungen IL har hatt kasse med bøker på 15 toppar i nærmare 40 år. I år har vi bytta ut alle kassene. Kvito snekra nye fine trekasser. Vi samla inn bøkene før Nissedalsdagen 21.07. Det var då 10 535 registrerte turar. Det var ei auke på over 3000 turar og truleg ny rekord. Vi har også i år hatt samarbeid med dei andre idrettslaga og Nissedal kommune om Topptur Nissedal prosjektet.

Trimboksing har hatt vekentlege treningar i fleirbrukshuset. 8 born har delteke på treningane.

Spinning: Vi har fortsatt 15 spinningssyklar. Spinninggruppa har hatt tre treninstimar per veke i år. Det har vore opptil 9 deltakarar på dei reine spinningstimane og 15 på spinn og styrketreningane.

Zumba er ei treningsform med enkle dansesteg til latinamerikanske rytmer. I 2018 har det vore to treningar i veka. Om lag 20 personar har delteke i denne gruppa. Her er også med nokon frå Åmli.

Innebandy. Vi starta opp med innebandytreningar for damer i september. Opptil 14 damer har vore med. Det har også vore innebandy for menn. Opptil 12 personar deltek på desse treningane. Det har også vore med ungdom frå 10.klasse på desse treningane. Det har vore treningar frå september til mai.

Fotball Old boys har treningar heile året. Dei spiller inne i hallen til det er mogleg å vere ute. Det er med opptil 10 personar på innetreningane og 15 på treningane ute. Det er også opna for at 10 klassingar kan delta på desse treningane.

Volleyball: Opptil åtte personar spelar volleyball i fleirbrukshuset ein gong i veka.

Klatring. Ei gruppe i idrettslaget har engasjert seg for å få opp klatremiljøet i klubben. Sammen med klatreklubben i Risør arrangerte dei ein open klatredag i Risørhallen der fleire born frå Treungen IL var med. Klatregruppa bidrog også på Fri Flyt sin klatrefestival ved Hægefjell i august.

Skuggenatten Opp 2.juni 2018 var det **NM i motbakkeløp**. Løparar frå heile landet kom til Treungen for å springe til Skuggenatten. 240 deltok i konkurranseklassa og 200 i trimklassa. Det var steikande sol og 28 varmegrader. Skuggenatten Opp vart gjennomført for niande gong.

Nissedalsdagen blei arrangert 21.07. Dagen var godt besøkt og gav klubben eit godt overskot til klubbkassa.

Rulleski. Treungen IL og Nissedal IL var med på å arrangere rulleskirenn frå Treungen til Gautefall som ein del av Vestmarfestivalen. Fleire frå TIL var også med på å arrangere NM i rulleskiskyting på Gautefall Biathlon.

Utbetringar. Før Skuggenatten Opp blei parkeringsplassen noko utvida. Nissedal brannvesen spylte berget ned frå Kleivknatten. På eit platå på berget fekk vi bygd fleire styrketreningsapparat. Vi kallar det nå Treungen treningspark.

Garderobane og toaletta i klubbhuset blei måla og varmebua i slalåmbakken blei måla raud.

Treungen idrettslag er i stadig utvikling. Vi gler oss over stort engasjement og aktivitet.

Det er mange som gjer ein stor dugnadsinnsats i Treungen IL.

Vi vil rette ein stor takk til alle som på ulikt vis er med på å skape aktivitet i idrettslaget!

Treungen 13.03.19
